

Clouds of rain

Evening gongs
disorganised masturbation
that exploded the myth
in black'n white.

From Cape Town
to Oslo cafes
the rythm is almost
all the same

In the streets
it is sneaky eyes
turned down in shame
in one fuckin' name
RACE!

But we an we
our spirits high
refuse to surrender
and split into pieces.

Deep inside
we know for sure
South Africa is the cure
and finally it's secure
in Oslo
London
Gaberone
i aputo
Harare
even Lusaka
as clouds of rain
continue to gather.

NASIBU MWANUKUZI



4 mai

nr 1 88

INNHALD

- 3 REDAKTØRENS
- 4 SJØVKRITIKK FRÅ AU OM PR-ARBEIDET
- 5 OPPSUMMERING STUDIEARBEIDET
- 6 FØREBELS OPPSUMMERING AV IRA-KAMPANJA
- 8 VERVING - VI KAN NÅ MÅLSETTINGA !
- 9 JENTEFRAKSJONEN I TRØNDELAG, OPPSUMMERING
- 10 IK MELDING : OG OM FREDRIKSENS FORSLAG
- 11 RETNINGSLINER FOR DET ANTI-RASISTISKE ARBEIDET
- 14 UTTALELSAR FRÅ NKS OM ANTI-RASISTISK KAMP M.M.
- 17 STUDIEKAMPANJA I VÅR
- 18 OM HMG - NAMNEKONKURRANSE M.M.
- 19 DEBATTSIDENE (BLA OPP !)
- 27 FRÅSEGN FRÅ SENTRALSTYRET OM NKS-DEBATTEN I KK



3 Redaktørens kørner



Kva skal 4. mai vera ??

- Blad for politisk debatt og linjekamp for alle medlemmar
- Blad for meldingar og oppsummeringar fra sentralstyret
- Blad der lag og distrikt kjem med lokale erfaringar, vedtak m.m.

Dei to første strekpunkta blir til vanleg bra dekkja, sjøl om debattsidene i dette nummeret er magre. (Red. er overtydd om at det er eit eingangstilfelle).

Me er ikkje så altfor mange, og me er i tillegg spreidd over heile landet og fleire skoleslag. 4. mai er bladet der me burde kunne få høyre om ting som skjer - debattar som går - oppsummeringar som blir gjort.

Meningen er ikkje at folk skal sende stoff til 4 mai istaden for til Klassekampen, men det skjer altfor mykje bra ting som aldri nokon andre enn dei som driv på med det får veta om.

Kor blir skolelaga, og universitetslaga av ? I Sør, aust, vest og nord ?? Me veit de er der, men det er av og til òg alt !!

Jentefraksjonen i Trøndelag er eit hederleg unntak, dei har sendt sitt bidrag for lenge siden, sjøl om det kjem først nå.

Våren står for døra, med landsting og landsmøter, anti-rasistisk kamp, kvinnekamp, 8.mars, forbundsskole, lagediskusjonar, 1 mai, og masse meir.

Ikkje vent med alt til oppsummeringa i juni - send inn til 4 mai !!!

Får du ikkje stoffet inn i KK, eller er det mest til internt bruk ??? 4 mai !!!

NY DAULINE ER 20 FEBRUAR, MEN TING KAN SENDAST FØR !!!

SJØLKRIKK FRÅ ARBEIDSUTVALET

Arbeidsutvalet beklager strekt at propaganda arbeidet har vore prega av store svakheiter. Det har komen særj lite smreigen NKS propaganda, dette til tross for at vi har planlagt fleire flygeblad og "Hva må gjeres".

Enkelte medlemmar i AU har i heile eller delar av perioden, - av ulike årsakar, ikkje fungert. Dette og dei skarpe motsetnadene i NKS har leda til eit sær hardt press på AU. AU har rett og slett ikkje makta å ta over og løysa ein så viktig oppgåve som propaganda. Vi vil freista å løyse propaganda arbeidet ved å omdisponere arbeidsoppgåvene i AU.

Årsmøtet i Oslo vedtok i vår ein kritikk av propaganda arbeidet og foreslo samstundes at "Hva må gjeres" må få eit nytt namn og ei anna form. Spaltane i 4. mai er opne for forslag og idear. Kva meiner du er den rette marknadsføringa av NKS?

MONA, på oppdrag for AU.

**STØTT LÆRERNE
I KAMPEN FOR
EN BEDRE
SKOLE**

DAGENS NØTT

1.
Gjett
hvem

3 poeng

Har 135.000 i
lønn etter 10
års arbeid
med 3-årig
høgskole
da

4 poeng

Arbeider på
kveldstid
her

3 poeng

**Drømmer du om et
BJØRN om vinteren og LÆRER**

god
propaganda
fra lærarane...

EIN KORT OPPSUMMERING AV STUDIEARBEIDET I HAUST

Etter å ha ligge meir eller mindre nede, tok studiearbeidet seg opp i haust. Studieplanen var 2-delt:

- Forbundsskule
- Statsstudiar over "Staten og Revolusjonen"

I all hovudsak har studiekampanja vore vellukka. Målsettinga var å auka det generelle kunnskapsnivået i NKS, kor det er sær mange nye medlemmar som aldri har vore gjennom grunnstudiar i m-l-m. Planen var òg ei oppfølging av Landsmøtevedtaka om studiar.

Forbundsskulen fungerte skolerande for dei få som deltok. Informasjonen om FS hadde vore dårleg - dette må rettast opp no i vår. FS i haust tok opp dialektisk og historisk materialisme samt omstillingane i Noreg. I vår skal vi ta opp politisk økonomi og klasseanalyse. Dette er ei utmerka anleining til å setta seg grundig inn i klassiske teoriar og dagens verkelegheit.

Truleg har alle lag i NKS gjennomført 2 møte på "Staten og rev." Statsstudiar er ikkje enkelt, og dei fleste laga treng sikkert meir tid på å få verkeleg grep om staten sin rolle både under kapitalismen og sosialismen. Studiane i vår kan sjåast på som ei oppfølging av statsdiskusjonane på ein del område.

I Oslo sto dei største motseiingane på spørsmålet om "det naudsynte byråkratiet" slik det presenterast i kap.5 i PP-84. Dette er det starta ein debatt om i 4.mai som bør følgjast opp. Skriv innlegg til 4.mai dersom laget ditt har nokon syns punkt på dette eller andre område. Studiekampanja er ikkje avslutta, berre såvidt starta. Det er viktig at vi nyttar vår nyvunne kunnskap i debattar kring konkrete høve. Ein blir ofte litt klokare av at det kjem fram motseiingar som etter kvart blir reindyrka.

Studieansvarleg

FØREBELS OPPSUMMERING AV IRA-KAMPANJA

Sentralstyret vedtok sommaren-87 at sommarleir-innsamlinga skulle gå til Forbundsskulen og til den irske frigjeringsrørsla, IRA. Innsamlinga til IRA skulle vera starten på ei avgrensa kampanje, som skulle legge vekt på det irske folket sin rett til nasjonal fridom og sjølvstende og irane sin rett til å gripa til våpen for å slå seg fri frå den britiske imperia-lismen. Dette for å få den gløymte krigen meir fram i lyset her i Noreg, for å samla inn pengar, og politisk støtte til den irske fridomskampen og for å få fram NKS sine politiske linjer på nasjonane sin rett til sjølvstende og politisk solidaritetsarbeid.

Dette ble tatt opp med ein representant frå Irlandskomitéen sitt AU ca 1 mnd før NKS sin sommarleir. Han blei då bede om å leggja denne kampanja fram for IRA/Sinn Fein.

Om lag 2 veker etter leiren fekk NKS "klarsignal" om at kampanja var godtakbar frå irane si side. (sjølv om ikkje dette på noko vis er naudsynt, da vi er ubundne av alle andre org. enn AKP) Kampanja blei så lansert med avisinnlegg, pressemelding og plakatar på lærestadene.

Tidleg i september fekk vi så brev frå Sinn Fein der dei ba oss om å endre innhaldet i kampanja. Dei ville ha ei lågare profil på propagandaen ved ikkje å nemna den væpna kampen til IRA, men ved å la dei innsamla midla gå til org. til dei irske fangane, An Ceann Cabrach. Problemet var at kampanja vår allereie hadde fått ganske store avisoppslag, m.a. i VG og Dagen.

Denne oppmodinga frå Sinn Fein kom etter at andre folk i Irlandskomitéen hadde vore i direkte kontakt med Irland og lagt fram sine politiske motførestillingar mot NKS og vår kampanje.

Etter eit møte med Partiet sitt Internasjonale Utval(som var varsla før kampanja blei satt i gang) og Irlandskomiteén, bestemte NKS-leiinga seg for å gi pengane til An Cumann Cabrach, samstundes som vi ville halde fram med å agitara for det irske folket sin rett til væpna kamp mot den britiske imperialismen og for IRA.

Det endelege økonomiske resultatet vil bli offentleggjort seinare når kampanja er formelt avslutta. Mange tusen er allereie samla inn.

Pengar kan framleis sendast til "Studentar for IRA", bankgironr. 6094 05 41428

"Kampanjeansvarleg"



verving: vi kan nå målsettinga!

I haust ga vervekampanja mange gode resultat, men enno er det mykje som gjenstår. Ikkje minst er det mange studiering-deltakarar som må følgjast opp nærmare. Sjølv om det blei drive eit godt vervearbeid, så er det framleis eit problem at det berre er nokre få "heltrar" som har oppnådd resultat til no. Det karakteristiske er at det førebels nesten berre er unge og relativt nye NKS-medlemmar som verver. Det er dermed eit stort potensiale att hjå dei "eldre" medlemmane og dei mange laga som enno ikkje har verva nokon.

Det beste resultatet til no har framleis Sosialskulelaget i Oslo som så langt i kampanja har verva 40% av målsettinga får heile "verveåret". (Rekna ut frå 1 nytt pr. gamalt medlem på 1 år)

Noko av det viktigaste dette semesteret - som er innspurten til kampanja - er å komma raskt ut med politisk propaganda for NKS, ved stands, KK-sal, tilbod om sirkel før januar er omme, og gjennom praksis i jentekampen, interessekampen og den anti-rasistiske kampen. Samstundes må vi kjempa mot ein byråkratisk stil i organisasjonen (og i laga) og noko av den "vere seg sjølv nok" haldninga som nettopp hindrar frisk og uredde verving ein del stader. Det som avgjer resultatet av denne vervekampanja og dermed den organisatoriske og politiske styrken til NKS i lang tid framover, er om vi no greier å styrka denne sida av massearbeidet vårt. Vi skal vera klar over det store vervepotensialet vi har, noko som òg har synt seg så langt i kampanja.

Det finst haugevis av progressive studentar som stør dei same sakene som vi og som deltar i dei same kampene. Vi må markera oss særskilt i høve til IK-aktivistar, Kvinnefrontjenter, anti-rasistar og RV-veljarar. Vi må vera målretta på kven vi vil verva. For å nå målet må vi vera tidleg ute og jobba målretta frå første stund. Slik blir det lettare for alle å få spurt minst ein om medlemskap før 8.mars. Slik blir det òg enklare å få sirklane i hann før semesteret er slutt.

Lukke til med verving og anna arbeid!

Org.ansvarleg i NKS

jente fraksjonen trøndelag

I vårsemesteret-87 ble det etter vedtak fra 6. landsmøte, dannet en jentefraksjon i NKS-Trøndelag. I trass av oppstartingsproblemer (misforståelser om møtested, møtetid, glemte beskjeder osv.) har jentefraksjonen kommet i gang og har hatt møter jevnt i hele vår.

Vi starta første møtet med innledning om mannlige herskertechnikker og diskusjon om vår situasjon som jente i NKS. Ellers har vi brukt jentefraksjonen til forberedelse og mobilisering til årsmøtet, studentaksjoner og ikke minst sommerleiren. Spesielt i forberedelsesarbeidet foran årsmøtet fungerte jentefraksjonen svært bra. Vi gikk gjennom årsmeldinga og diskuterte hvilken måte "vi" ønska å vinkle debatten. Møtet førte til at vi stod mere styrka på årsmøtet og var svært aktive i debattene.

Vår oppsummering av semesteret og plan for høsten.

Under oppsummeringen av semesteret regna vi ut at vi hadde hatt en gjennomsnitt på 50% oppmøte av de aktuelle medlemmene. Vi så oss ikke heilt fornøyd med bare 50% og spurte oss selv hvem de var disse "uteblivende" og hvorfor de uteble. Det viste seg å være de samme som gikk igjen og det var stort sett nye medlemmer. Ut fra diskusjonen om årsak trakk vi flere slutninger. Vi som organiserte fraksjonen, opplevde at ikke alle jentene tok den like alvorlig eller like spennende. "Kan jenter aleine få noe interessant ut av en diskusjon da?" Til tider dårlig kommunikasjon og planlegging var også en årsak til at enkelte jenter falt ut. Vi så at ei plan er heilt nødvendig for å få ei slik gruppe til å fungere. Ellers fungerte fraksjonen heller dårlig når det gjaldt å tilbakeføre diskusjonene til laga.

Nå har vi starta opp igjen med ny giv. For jentefraksjonen vil vi ha. For å gjøre fraksjonen mere attraktiv og utfordrende, skal vi kjøre politiske temaer på hvert møte. Utfordringen blir å lage innledningene selv. For at utfordringen ikke skal virke kvelende, satser vi på å bruke erfaringer vi sitter inne med fra før og det er åpent for sjølvalgt tema. Semesterets første politiske tema vil bli "Særegen kvinneorganisering - et tilbud for jenter i NKS? Hvorfor og hvordan." Ellers skal vi ha tema som "Kvinnens situasjon i Nord-Irland" og "Borgerlig feminisme og proletær feminisme".

Ellers har jentene i NKS-Trøndelag mange mål! Til høsten skal vi alle gå igjennom bølgelederkurs i samarbeid med jenter fra partiet i Trondheim. Vi fortsetter så med et tilbud om bøllekurs for jenter ved AVH og NTH. Om tid og krefter strekker til og interessa er sterk nok, vil vi følge opp med NKS-studiesirkel.

Amalie
Kvinneansvarlig i Trondheim

PRESISERING FRA AU TIL VÅRPLANEN:
 DER DET ER GRUNNLAG FOR DET,
 SKAL MEDLEMMAR I NKS STILLE TIL VAL
 SOM DELEGATAR TIL NSU SITT LANDSTING

STØTT FREDRIKSENS FORSLAG

I det 4 mai går i trykken har det dukka opp eit programforslag til NSU sitt landsting: Fredriksens forslag. Arbeidsprogrammet er laga av uavhengige folk, Rød Front på Ås og NKS'arar. NSU leiinga synleggjorde nok ein gong at dei vil at NSU skal vera eit parlament og ikkje ei fagforening, - dei nekta forslagsstillarane å underteikne med sine namn, og kravde at det skulle vera ein front. FREDRIKSEN-namnet kom som ein protest. Forslaget vil bli send ut til alle skoleslaga det angår så fort som råd.



anti rasistisk arbeid og nks

Sentralstyret har vedtatt at NKS skal delta i den anti rasistiske kampen. Her følger nærmere tips og retningslinjer for dette arbeidet.

Det er en relativt stor bevegelse på gang i den anti rasistiske kampen. Samtidig som rasistiske angrep på folk, -både statlige og private, øker i styrke og omfang, vokser det fram en bred anti rasistisk bevegelse. Kommunistene sin oppgave i denne kampen må være å styrke den politisk. Mange tar i dag et anti rasistisk standpunkt utifra et humanistisk grunnlag. Dette er et utgangspunkt, men den antirasistiske bevegelsen må bygge på et berde og sterkere fundament enn hvit veldedighet. I dette arbeidet, som i alt annet arbeid, er hoved målsetninga å styreke NKS. Det å styrke den antirasistiske bevegelsen politisk og verve til NKS, er to sider av samme sak.

-Vi skal ikke bygge anti rasistiske fronter uavhengige av de som allerede eksisterer. SOS rasisme ved anti rasistisk senter har allerede en organisasjons struktur og mye kunnskap om rasisme.

-Rasisme har til nå vært et lite diskutert problem i m-l bevegelsen, så dette er et område hvor skolering må stå sentralt. F.eks så er det viktig å diskutere om rasisme bare er en ideologi eller undertrykking på linje med kvinneundertrykking, hvite sin rolle i kampen, o.s.v.. Også i frotene er det viktig å diskutere slike ting for å styrke den politiske kampen. (Tips til diskusjons opplegg følger.)

-Det er viktig at frontene (og NKS'ere) skaffer seg kunnskap om den nye utlendingslove og dagens innvandringspolitikk. Det vil stå et viktig mot dette på vårparten da stortinget etter alt å dømme vil vedta den nye loven. Det er stor uenighet i m-l bevegelsen om hva slags politikk vi skal ha mot den rasistiske innvandrings politikken. Endel av disse uenighetene har avspeilet seg i debatter i Klassekampen. Diskuter gjerne tilsvarende problemstillinger i laga og frontene.

-De SOS rasisme gruppene vi jobber i forhold til, bør ha en spesiell innretting på forholda på universitetene og høyskolene. Utenlandsstudentene fra 3. verden møter helt spesielle problemer.

For det første innokjerpes folk sin adgang til å komme hit som studenter. Dette skjer både gjennom de alminnelige innvandringsregler og gjennom universitetenes og høyskolenes opptakspraksis. For det andre utsettes utenlandstudentene for den samme om enn ikke hardere kontroll enn andre utlendinger av myndighetene. (Les mere om disse ting i siste nummer av "Hva må gjøres".) Det bør samles inn og systematiseres informasjon om utdannings institusjonene og lånekassas praksis overfor utenlandsstudentene.

En annen viktig grunn til at vi bør konsentrere oss om det som skjer i utdanningssektoren er selvsagt at vi, med våre begrensede resursser ikke må sprike for mye i arbeidet vårt. Det bør være en målsetning å styrke studentenes interessenkamp alment gjennom det anti rasistiske arbeidet (og visa versa). Hvis det er grunnlag for nye store aksjoner i vår, så bør disse ha en klar anti rasistisk profil.

-Ikke legg ambisjons nivået alt for høy i starten! Vi ønsker ikke å komme opp som en løve og ned som en skinnfell i dette arbeidet, ei heller slite ut laga med en altfor ekspansiv plan. Laga bør disponere kreftene nøye, det er mange oppgaver som skal ivartas. Det er svært viktig at hele laget diskutere arbeidet og de politiske linjene i frontene. Utover det å satse på skolerung, må rettesnoren være aktivitet og handling. I kampen mot rasisme nytter det ikke bare å kunne en masse ting sjøl, folk, (og for oss i første rekke studenter), må mobiliseres til kamp mot rasismen.

Diskusjons opplegg (delvis "stjålet" fra partiet).

Problemstillinger:

1) Hva er de historiske røttene til rasismen i Norge?,-er den et nytt fenomen, knyttet til svart innvandrere, eller har den alltid eksistert?

X 2) Hva er rasisme, -er det kun en "splitt og hersk" ideologi, eller kan det forstås på samme måte som andre undertrykkingsmåter, f.eks. kvinneundertrykking og klasse-undertrykking?

3) Hva er statlig rasisme, -hva har den sitt grunnlag i og hvordan fremtrer den? (sentralt her er innvandringspolitikken)

X 4) Hva er alternativet til dagens innvandringspolitikk, -åpne grenser (s. innvandringsregler) eller mer morale regler enn i dag?

- X 5) Hvordan skal komen mot rasismen føres i dag? Hva skal hvites rolle være, og hva bør vår oppgave som kommunister være?

Litteratur tips:

- Rasismens røtter (v. anti rasistisk senter), -særlig del 2.
- Materialisten: ¹⁹⁸⁶Norsk innvandringspolitikk (av Guri Larsen). NB denne artikkelen er skrevet før siste forslag til utlendingslov lå på bordet og må suppleres av annen litteratur (avisartikler).
- Klassekampen 24/10 med tema om asyl politikk.
- Kronikker og debatt i Klassekampen høsten 1987. Et utvalg vil bli kopiet og sendt i ett eks. til distriktene. Kan videre kopieres av distriksledelsen.
- Materialisten nr. 4 1983: Rasisme-diskriminering-fordommer (av Ole Kristian Hjemdal).
- Immigranten: Er rasisme begrepet for vidt og unyansert? (av Sunil Lona). Denne artikkelen retter seg mot Hjemdal og er sentral i diskusjonen om hva rasisme er. Ett eks. av denne blir også sendt ut til distriktene.
- Odelstings proposisjon nr. 46 (1986-87) Om lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsloven).
- Uttalelser fra NKS ledelsen i 1987. (Er vedlagt).

Arbeidsutvalget



«Din mor og jeg har ikke noe imot svaner,
Leda — men er han ikke litt mørk...?»

Rasismen

Rasismen trygger makta til borgerskapet

NOREGS Kommunistiske Studentforbund meiner at kampen mot rasisme er meir enn eit spersmål om rettferd og menneskeleg sympati, den er og ein trossetnad for vår eiga frigjering. Samfundet inneber denne stien eit politisk oppgjær med utav dei viktigaste ideologiske vipna som imperialisisme har sett eit elget folk i ro med.

For å rettferdiggjøre utplyndringa og valdetekten av landa i sør skapte imperialismen førestillinga om at dei kvite var betre og høgarestående enn dei svarte (t.d.). Rasismen tente direkte dei som plyndra, men hadde og ei anna viktig oppgåve: Nemlig å splitte dei ubytta og undertrykte imperiellistanda frå dei utsugde massane i koloniene. Ein europear kunne vera utsugd og undertrykt, men han var i allfall kvit. Ved hjelp av rasismen skulle borgerskapet vinne støtte for utsuginga av koloniane hos sitt elget folk.

Rasismen har den same funksjonen i dag og — ideologien er eit bidrag til å halde oppe og føre imperialismen vidare. Og til å hindre

solidaritet og felles kamp i rå arbeidarklassen i nord og folkemassane i koloniene. Rasismen trygger såleis makta til borgerskapet.

Vi kan ikkje frigjøre oss sjølv utan å knuse rasismen. Undertrykkinga av andre held oss sjølv nede. Så lenge tenaren har ein slave å slå på kan herren sove trygt.

Denne kampen har og ei anna viktig side. Med rasismen som ideologisk overbygning kan staten bli omforma til eit enda hardare undertrykkingsapparat som til slutt direkte og utilskilt blir retta mot helle det arbeidande folket. Slik ser vi at rasisme og fascisme er to sider av same sak.

I den siste tida har vi sett to urovekkande politiske tendensar *samstundes*: Aukande rasisme både i statleg og «privat» regi, og fleire skritt i retning av ein stat som set lovfasta rettar til side, og tar i bruk vald for å halde oppe herskarane sin ro og orden.

Eit par eksempel kan vise koss politistaten og rasismen er vevd saman:

— For ei stund sia vart det klart at folk frå den tred-

je verda kan bli kontrollert av politiet og kasta i fengsel viss dei ikkje kan vise identifikasjonspapir og prove at dei har lovleg opphald i Norge — på staden! Dette er ein spire til eit sterkare kontrollapparat her til lands.

I Arbeidarparti-regjeringa sitt nye framlegg til fremmendlov blir denne kontrollen av folk frå den tredje verda vidareutvikla. I paragraf 37 står det:

«Dersom utlendingen på oppfordring ikkje utleverer dokumenter (som kan bidra til å kartlegge hans identitet), eller det forevrig foreligger grunn til å anta at utlendingen tilbakeholder eller skjuler opplysninger av betydning om sin identitet eller tidligere oppholdssted, kan politiet foreta undersøkelse av utlendingens klær og andre eiendeler samt av transportmiddel og annet oppholdssted.»

Vidare kan dei takast fotografi og fingeravtrykk. Det blir og gitt lov til å gi desse innvandrarne/flyktningane meldeplikt. Straffa for å ikkje halde den er fengsel i inntil to veker.»

I slike reglar ligg det og klmår til eit kontrollappa-

rat som ikkje bare rettar seg mot dei nye landsmennene og landskvinnene våre frå den tredje verda, men og mot ein kampvillig arbeidarklasse eller andre grupper som gjer opprør som herskarane ønskjer å slå ned på.

Kampen mot rasismen blir såleis ein sær viktig politisk kamp for demokratisk innstilte nordmenn. Utfallet er avgjerande for koss framtida vår skal sjå ut. Noregs Kommunistiske Studentforbund ser dei viktigaste delane av den antifasistiske kampen i tida som kjem:

- 1) Å få opna dei norske grensene for flyktningar og innvandrarar.
- 2) Å reagere på og kjempe mot rasistiske overgrep og framstillingar av alle typer.
- 3) Å slå tilbake den nye fremmedlova som har som målsetting å stenge ute folk frå den 3. verda og kontrollere dei få som kjem inn.

ARBEIDSTUVALETT
NOREGS
KOMMUNISTISK
STUDENTFORBUND



NB! NB!

Dette er studie-
spørsmål til lags-
studiar om dialektikk.

Riv ut dette arket
eller ta vare på dette
nr. av 4.Mai.

Førebuingmateriale
til "omstillingane i
Noreg" og "klasse-
analysen" kjem i
eiget hefte tidleg i
februar.

St.utvalet

*
* Hittil har filosofane berre fortolka verden, *
* *
* det kommer an på å forandre den. *
* *

1. I artikkelen "Om praksis" beskriver Mao kunnskapsprosessen:
"Kunnskap startar med praksis. Når ein har skaffa seg teoretisk kunnskap gjennom praksis, må ein venda attende til praksis. Kunnskapens aktive rolle kjem ikkje berre til uttrykk i det aktive spranget frå sansemessig til rasjonell kunnskap, men - og dette er òg viktigare - han må komma til uttrykk i det aktive spranget frå rasjonell kunnskap til revolusjonær praksis."

- Kva er kriteriet på objektiv sannhet? Er det forskjell på å ha erfaring om ein ting - td. i betydningen å vere tilskodar til interessekampen - og å delta i praksis for å endre tingen?

2. Lenin streka opp skillelinene og sjølve hovudspørsmålet i filosofien: "Skal me gå frå tingene, den ytre verden til fornemmelsen og tanken ? (Materialisme) Eller skal me gå frå tanken og sansefornemmelsen til tingene ? (idealisme)
For materialisten er det "faktisk gjevne" lik den ytre verden, som våre sansefornemmelser er eit bilete, avspegling av. For idealisten er det "faktisk gjevne" lik sanseoppfatninga og idear. Materialismen ser materien som det opprinnelege, primære og medvitet, tenkninga, sansefornemninga som sekundært." Med materien meinast det som ved å virka inn på våre sanseorga frambringer sanseintrykk".

- Kan tenkninga vere ein del av den objektive røynda ? Omfattar

materien meir enn det stofflege ? Kva med handling ?

3. Drøft dei tre hovudkjenneteikna på ein motsetning.

1. Dei to sidene står i motsetning til kvarandre.

2. Dei to sidene eksisterar saman i ein einskap.

3. Dei to sidene betingar kvarandre.

- Korleis skiller ein mellom kva som er og kva som ikkje er ein motsetning?

Fins det motsetningar i tenkninga ?

- Kva meinte Mao med at "det allmenngyldige ved motsetningen ligg nettopp i at motsetningen er særegen"?

- Finn hovudmotsetningen - og hovedsida idenne - på din lærestad.

TIPS TIL INNLEIAR:

Innleiinga kan med fordel leggja vekt på å forstå definisjonen på ein motsetning (kopier evt. opp side 36-39 i partiets Studiebok i marxistisk filosofi).

Viktig er og forholdet mellom teori og praksis. Bruk døme frå lagets politiske arbeid.

På lagsmøtet skal spørsmål nr. 1 og 3 prioriterast.

Lukke til med studia!!!



NB!



"Om praksis" og

"Om motsigelsen"

finn du i MAO-boka

Skrifter i utvalg,

Oktober forlag 1976

Artiklane finst òg i

MAO-serien Verker

i utvalg og er elles

gitt ut separat i

eigne hefte.

Ting desse frå Oktober
eller snakk med "gamle"

ml-arar om du ikkje
har dei allereie.

I VÅR kom regjeringa med eit framlegg til ny lov om utlendingar sin adgang til riket og opphald her. (Utlendingslova). Framlegget er farleg først og framst av di det legitimerer og vidarefører ein stadig rasistisk praksis.

Nokre døme på kva verkemiddel som styresmakterne nyttar for å stengje grensa for visse folkegrupper:

1) Gjennom visum-tvang er det blitt umuleg for store grupper av t.d. politiske flyktningar å leggje fram søka si for norske styresmakter og å få søknaden sin om asyl handsama individuelt. Departementet skriv i instillinga:

«for de nasjonaliteter og grupper der en har alminnelig erfaring for at det er problemer av innvandringsmessig art, vil utgangspunktet bli at en er forsiktig med å utstede besöksvisum...» og

«Ivis myndighetene f. eks. i dagens situasjon skulle være forpliktet til å innvilge besöksvisum til alle iranske borgere som fant det for godt å søke om det, ville situasjonen åpenbart bli uholdbar. I de fleste tilfeller er innvandringspolitiske hensyn det eneste reelle grunnlag som foreligger for å avsi slike søknader».

Vegen frå å diskriminera folk etter nasjonalitet og gruppetilhøyrighet til å diskriminera etter hudfarge er ikkje lang.

2) Kontrollen med utlendingar som har Noreg som reise mål blir flytta frå den norske grensa til andre land. Dette skjer både ved bruk av visumplikt, ved at norsk politi blir stasjonert i andre land og ved at politimyndighet blir overført til transportselskapa. Transportselskapa er allerede i dag pålagt å kontrollere passasjerane sine reisedokument. Det vil seie at dei ikkje berre skal kontrollere bilettane, men og om folk har pass og evt. visum. Forutsetninga for norske styresmakter er at dei som ikkje har gyldige papir heller ikkje skal bli transportert til Noreg. Dette er nok ein effektiv måte å hindre flyktningar i å komme til Noreg.

Tendensen i norsk innvandringspolitikk går ikkje berre i retning av å stengje

utlendingar ute, men og å skjerpe kontrollen av dei som er i Noreg. Gjennom norske media og den norske staten sin politikk er folk frå den tredje verda blitt utsette for kriminalisering og mistenkeleggjing i høve til grunnlaget deira for å opphalde seg her.

Nokre døme på korleis kontrollen er skjerpa:

1) Ei rekke institusjonar og privatpersonar kan bli pålagt meldeplikt til politiet om dei utlendingane som finst i nærleiken. Dette gjeld og utdanningsinstitusjonane. Studentar og elevar frå den tredje verda blir fulgt med argusauge og sparkast ut om studieprogresjonen er det minste forsinka.

2) Tausheitsplikt, som styresmakterne elles er pålagt ved lov, blir no foreslått oppheva for utlendingar. Dette inneber eit alvorleg angrep på utlendingar sin personlege integritet. T.d. sosialkontora bli pålagt å gi politiet informasjon om dei utanlandske klientane deira.

3) Politiet og påtalemakta blir i lovframlegget gitt — og har i dag — utstrakt adgang til å foreta tvangsmessige inngrep overfor utlendingar. Politiet skal på grunnlag av enkle og vage vilkår kunne inndra vedkommande sine papir, pålegge meldeplikt, anpåkø vedkommande skal bu, foreta ransaking og ikkje minst fengsle vedkommande i inntil 6 veker. Ein slik kontroll og slike inngrep inneber ei kriminalisering av utlendingar.

Rasisme er undertrykking som råkar folk, som ikkje er kvite og er ein del av et samfunnssystemet, som vi lever under. Det er lønnsomt for borgarskapet å nytte ei slik særskilt undertrykkings- og utbyttingsmetode. Kvite blir gitt privilegier i høve til svarte. Det er difor umuleg å tenkje seg eit kapitalistisk samfunn utan rasisme. Det er heller ikkje muleg for oss i det kapitalistiske Noreg å innføre ein innvandringskontroll som ikkje fungerer rasistisk. Difor krev vi at Noreg sine grensar blir opna og at svarte folk blir ynskja velkommen.

Arbeidsutvalet til
Noregs Kommunistiske
studentforbund
v/MARI SKARE
leiar



KVA SLAGS LINJE I DEN ANTI-RASISTISKE KAMPEN?

Det siste året har den anti-rasistiske kampen vokse seg sterk. Situasjonen for utlendingar i Noreg er samstundes blitt skjerpa. I denne situasjonen er det naudsynt at ml-rørsla utviklar politikk på kva rasisme er og kva som er riktige linjer å jobbe etter.

Rasisme er ikkje berre haldningar. Om det hadde vore det, ville ei haldningskampanje vore nok. Rasisme er først og framst konkret undertrykking av svarte menneske. Dette er nedfelt i det kapitalistiske systemet på linje med kvinneundertrykkinga. Ingen progressive vil i dag hevda at kvinneundertrykking berre eksisterer i hovudet på mannfolk.

På universiteta og høgskulane er det naudsynt at studentar tar del i den anti-rasistiske kampen. Arbeidet med framandstudentane er eit viktig område innanfor denne kampen. Angrepa på deira rett til å studera, bo og leva saman med familien sin aukar. Dagens innvandringspolitikk går i retning av å skjerpa mulegheita dei har til å koma inn på skular/universitet, til å få jobb og bolig og til å bli gjenforent med familien. Samstundes blir den nye utlendingsloven ei lovfesting av ein allereie eksisterande rasistisk praksis.

NKS meiner det er feil å gå inn på staten sine premiss og kreva ei eller anna form for innvandringsregulering. Vi må kreva opne grenser for alle, uansett hudfarge. Alle har like stor rett til å busetta seg i Noreg. All innvandringsregulering vil fungera rasistisk sidan rasismen er ein del av det kapitalistiske systemet. Vi aksepterer ikkje kvinnefiendtleg lovgjeving og statleg praksis. På same viset kan vi ikkje akseptera ei linje som godtar slike reglar og praksis overfor svarte folk.

NKS SITT SENTRALSTYRE

Desember 1987


UTDELING FRÅ STUDIEUTVALET OM STUDIEKAMPANJA

Denne våren er det 3 studieemner som er obligatoriske:

- 1) Dialektikk
(Om praksis og Om motsigelsen av Mao)
- 2) Omstillingane i Noreg
(førebuingsmateriell vil bli sendt ut i løpet av månaden)
- 3) Den nye klasseanalysen
(Diskusjonsopplegg kjem i neste 4. mai)

Vi foreslår at møta blir holdt i denne rekkefølgen, dels fordi alt førebuingsmaterialet ikke er ferdig, og dels fordi det er ein viss indre samanheng mellom emnene.

I alle høve bør den nye klasseanalysa diskuterast etter punktet om omstillingane i Noreg. Dei som ikkje klarer å vente kan tinga hefte om klasseanalyse frå KS Studietenestar. (adresse sjå KK) Klasseanalyse er ein av landsmøtediskusjonane til AKP. Følg med i KK og 4. mai!



**les
og
lær!**

nytt namn til hva må gjøres

Sentralstyret vedtok i møte like før jul at bladet skal leggest om. Meininga er å få eit blad som kjem ut oftare, og som er ein blanding av litt meire lødige stoff + lengre artiklar. Og altså: nytt namn. FORSLAG KAN SENDAST TIL NKS, CØTEBORGCT.8, 0566 OSLO 5

SEND INN STOFF TIL AVISA

HMG er heile NKS sitt blad. For å få fram eit mest mogeleg dekkande billete av det som skjer i studentkampen hjelper det om alle medlemmane tenke på mogeleg reportasjeinnslag om ting som skjer.


Rasisme overfor utanlandsstudentar ? Husleieboikott ? Forsøk på samanslåing av ulike skoleslag ?

Slike reportasjer vil gje oss eit meir variert blad. Dersom ein ikkje får til å lage ei fiks ferdig reportasje, er det stor hjelp i å sende inn tips til NKS, så kan det lagast noko saman med redaksjonen.

F
A
N
T



***19 - 26 ***
sidene for DEBATT og
Kjetterske tanker





Enhet på klassekampens grunn



Sjølkkritikk

Eg beklager sterkt at eg har vore med på å gjera debattklimaet i NKS endå verre med mine artiklar i nr.5-87. Mine antydningar om ein mogeleg samanheng mellom Anton sin kritikk av partiet og tidlegare utmelde AKP'arars politiske standpunkt, er ein uredeleg debatt-teknikk som set mot-debattanten i eit negativt lys ved hjelp av slike triks. Dette vil eg gjerne ta sjølvkritikk for. Denslags stempling er ein dårleg tradisjon i m-l- rørsle som eg òg er ein del av. Eg er samd med Cornelia i at "det vi treng er ein politisk debatt" og skal i framtida prøve å leve opp til det.

Når det gjeld del indre tilhøva i NKS, er eg samd i kritikken av manglande undersøkingar, og at eg ikkje har eit sakleg grunnlag for mine påstandar om personleg press og forfølging. Som menig medlem i NKS har eg faktisk nokså små mogelegheiter til å gjere slike undersøkingar utan å bryte sikkerhetspolitikken. Men eg er enig i at å slenge ut slike sterke påstandar basert på generelle inntrykk og lause rykter, er uhaldbart. Det har dessutan ført til ein avsporing av den nødvendige debatten om NKS sine politiske linjer, ein debatt som må fortsette. Eg beklager sterkt at desse påstandane har verka personleg sårande på enkelte kameratar. Mari, Ingrid og andre... eg er lei meg for dette. Sjølv om det no skjer positive ting både på grunnplanet og i leinga, trur eg ikkje NKS kan bli ein stor og sterk organisasjon igjen utan ein kritisk gjennomgang av dei linjene og metodane som har vore praktisert i NKS (både fleirtal og mindretal) dei seinere åra, både eksternt og internt.

Vi må greie å ta vare på det positive og ta eit oppgjør med det negative. Men dette er kanskje meir ei oppgåve for neste landsmøte enn for meg ?

På grunn av diverse omstendigheiter får eg ikkje svara på alle spørsmåla og innlegga mot meg i dette nr. Men eg skal prøve å komme tilbake i neste.



HALLDOR

KRISA I PARTIET ER EI POLITISK KRISE!

Halldor skreiv i 4.mai nr.5 at partiet er inne i ei eksistensiell krise. Det trur eg han har rett i. Det er heller ikkje uventa at ein stiller seg spørsmål i eit lite rikt, fredeleg land der kapitalismen snor seg ut av den eine krise etter den andre, mens dei som banna og svor når renta steig og lønna sank stiller seg fredeleg opp foran urnene kvart andre år. I dei fleste andre land førte det til at den kommunistiske rørsla forsvann. I Noreg prøvde og prøver AKP å takle problema med å vera udogmatiske, og ved først ei omlegging av politikken, så ei omlegging av arbeidet og praksisen.

AKP - DEI TUSEN GODE SAKERS PARTI ?

Kva profil er det AKP har i dag ?

- Partiet med dei 1000 bra arbeidssområdene, kvinnekamp, miljøvern, anti-imperialisme, homsekamp osv.osv.
- Partiet med dei mest radikale krava innafor det parlamentariske arbeidet
- Partiet for den delen av arbeidarklassen som slåss for 6-timersdagen, ein fri og uavhengig fagbevegelse og auka kjøpekraft:

Lukk auga: dette høyrer da bra ut ? Ja, dette er inga dårleg profil, det held berre ikkje for eit kommunistparti.

RV = AKP = SV I 1975 ?

Desse sakene held for eit radikalt, reformistisk arbeidarparti. SV ville ført opp alt på programmet sitt til inntil ein 6-7 år sida. I dag står RV omlag der SV sto før, og profilen til RV er i stor grad det same som profilen til AKP. Det er ikkje rart at debatten : legg ned AKP - bygg ut RV kjem, det er ein logisk konsekvens av utviklinga dei siste åra, sjøl om Kjersti Ericson i KK gjekk mot dei mest verste innlegga.

. . .

Sjølvsagt er "stjernepunktta" ovafor viktige å jobbe med, både av omsyn til folk si velferd, og for å vise at me står på folk si side no, ikkje berre i framtida.

Når Arna Heisfjord blir kjørt i senk på RV sin overbudspolitikkk er det ikkje urimeleg. Det har vore fint lite snakk om sosialisme, maktforhold, utbytting og revolusjon i RV sin valkamp dei siste åra, det er dei med privat tennishane og O i skatt som er problemet, ikkje klassesvikarane i LO og arbeidarpartiet.

Det aller flottaste er når RV ved å leggja fram eit eige budsjett kan syne kor mykje betre dei kan administrere kapitalismen innafor kapitalismen sine rammer - til folk sitt beste.

Dersom dette er profilen gjennom heile valkampen, nyttar det ikkje å komme med sosialismen som eit trumfkort i siste liten når resten av argumentasjonen ikkje held. Det blir og litt vanskeleg å snakke om å avsløre parlamentarismen. Personfikseringa og einskildsakene gjer at valresultata ikkje er nokon målestokk for nivået blant folk - noko velgarstraumen inn og ut av RV underbygger.

DEN FREDLEGE FRAMTIDA OG DET PARLAMENTARISKE ARBEIDET

At RV og AKP ikkje snakkar om sakene overfor meiner eg ikkje først og fremst er eit utslag av feil taktikk, det sjølve er kjerna i den eksistensielle krisa;

AKP er ikkje lenger eit parti som har som strategi å velte det kapitalistiske systemet, og legger opp taktikken sin ut fra det.

Det er bakgrunnen for dei fleste av problema som ytrer seg som "krise"

- organisatorisk ved gjennomtrekk i medlemsmassen, manglande kontingentbetaling liten slagkraft, senking av krava til medlemsskap
- politisk ved at partiet enten er ute av stand til eller ikkje ønsker å analysere og ta stilling til ein del heilt grunnleggande ting, som for eksempel om verdenssituasjonen har endra seg dei siste 10 åra, om det er sosialisme i Kina, om krigsfaren er mindre eller aukande.

Slik eg oppfattar AKP sin strategiske analyse er det i overskødeleg framtid ein periode med fredelige og demokratiske forhold, der det viktigaste blir å bruke parlamentarisk arbeid for å betre forholda til folk flest, og politikken blir lagt opp etter det. Sosialismen er langt ute i det blå, det er lite truleg at det vil oppstå ein revolusjonær situasjon.

Det er ikkje rart at dei kommunistiske organisasjonsprinsippa stangar mot ein slik strategi og taktikk, dei blir dyre og "upraktiske". I verda utafor Noreg skjer det nok mykje, men ikkje noko som vil få innverknad her, slik at ein og må planlegge ut fra at stoda blir endra brått...

KVA ER HOVEDOPPGAVA TIL EIT KOMMUNISTPARTI ?

Eit kommunistparti har etter mitt syn den viktigaste oppgava si i å organisere arbeidarklassen & allierte til revolusjon når tida er inne. Då treng ein atskillig meir en gode & rette paroler. Ein treng eit kaderparti - dvs. eit parti av kommunistar.

Ei kommunistisk overtyding veks fram gjennom ein samansmelting av klassestandpunkt, praksis og teori. Tidlegare var det relativt vanskeleg å bli medlem av AKP. Ein søkte, søknaden blei vurdert, ein blei diskutert med, og var kandidatmedlem i ein prøveperiode.

Vervekampanja til partiet, slik eg oppfattar henne er nok betimeleg, men eg stiller spørsmål med på kva grunnlag folk blir verva.

Når 30 % av dei nyverva forsvinn ut av AKP i løpet av året, trur eg ikkje det skuldast den intellektuelle stilen i partiet - svært mange av dei er dessutan intellektuelle sjøl. Eg trur det skuldast at dei vert organiserte på eit for snevert grunnlag, gjennom synpati for AKP sine standpunkt innafor ein av dei 1000 gode sakene.

Det er klart at eit parti som hovudsakleg driv parlamentarisk arbeid, og som ikkje er heilt sikkert på om det tek mål av seg til å leia arbeidarklassen fram mot revolusjon

- ikkje treng nokon sikkerhetspolitikk
- ikkje treng stille så høge krav til medlemmane m.o.t. å slutte opp om vedtak, folk kan jobbe med det dei feler for.

Dei økonomiske problema ("vi har ikkje nok yrkesrevolusjonære", manglande kontingentinnbetaling) og dei organisatoriske problema meiner eg altså er utslag av ei politisk krise.

På AKP sitt lands møte for 4 år sida, sto det ein debatt om omlegginga av politikken p.å ei rekke områder fjerna partiet frå ei revolusjonær plattform. NKS var nok så delt i to i synet på kor viktige omleggingane var. Partileiinga meinte at mange av innsigelsane var flisespikkeri - politikken og praksis ville ikkje bli endra i vesentleg grad.

Problema dei siste åra har vore prøvd forklart på mange måtar. (Førleis for mykje dogmatisme, intern undertrykking, osv.)

Om problema faktisk skriv seg frå det linjeskiftet som manifesterte seg i 1984 har vore eit "ikkje-tema", meg bekjent, er det berre ein som har trukke det inn i debatten.

Er det oppløst og vedtatt at dreifinga på landsmøtet i 1984 var rett, eller er det kanskje på tide å starte den debatten igjen ???

Ingrid



svar fra PMJ:

kjem neste 4mai pga utanlandsopphald

**melding
på fallrepet:**

**FÅ POLITISKE STØTTUTTALELSAR
SAMLE INN Penger TIL
OSLOAKSJONENS STØTTEFOND:**

Boks 4642 Sofienberg, 0506 Oslo 6

Postgiro 2 56 78 65

gje nks leiinga og KK beskjed

tillitsbrot fra nks, eller fra Peter M. Johnson? ²⁵

I samband med innsamlinga til IRA oppsto det ein del usamje mellom NKS og Irlandskomiteen om det "var lov" for kven som helst å samle inn pengar eller om alt skulle gå via dei. Denne diskusjonen vil bli nærmare oppsummert av kampanjeansvarleg.

Underteikna var på eit møte saman med Peter M. Johnson (som sit i Internasjonalt utval i AKP og arbeider på partikontoret) og 3 representantar fra Irlandskomiteen. På dette møtet vart ein samde om at kampanja skulle leggast om, og at dette skulle gjerast kjend. NKS sende ut pressemelding til alle pressebyrå og større aviser, men ho blei ikkje tatt inn. Nok om det.

I januar får så NKS eit brev frå Irlandskomiteen, der eit av vedlegg er brevet på neste side. Dette brevet er aldri blitt diskutert med NKS eller sendt til oss frå PMJ. Han har heller aldri tatt opp den kritikken med NKS korkje formelt eller i samtale med dei av våre folk han treff på kontoret.

Internasjonalt Utval si vurdering av kampanja er altså ikkje noko NKS har noko med, det kan ikkje tolkast på anna vis.

Internasjonalt Utval v/PMJ er straks rede til å beklage at NKS "ikkje har fulgt opp sin del av avtalen" utan å kontakte NKS for å undersøke kva som er gjort/ ikkje gjort

Uansett kor viktig Internasjonalt Utval meiner forholdet til Irlanda komiteen er, forsvavar det ikkje den dolkinga av NKS som har skjedd. Det er og underleg at "dei store problema" kampanja vår tydelegvis kan ha skapt ikkje blir tatt opp med oss.

Vi forventar eit svar frå Internasjonalt Utval v/Peter M. Jo^r på den framgangsmåten ein her har brukt. Om "Våpen til IRA" tenar interessene til solidaritetsarbeidet med Irland er ein annan debatt som nok og er viktig, men vi vil gjerne skille desse debattane fra kvarandre. Den siste oppmoder vi og NKS;arane til å ta del i.

På oppdrag frå AU
Gunnar H.

dette brevet fekk NKS som eit vedlegg i eit brev fra Irlandskomiteen

vedlegg 2

AKP (m-l) internasjonalt utvalg
Boks 211, Sentrum
0103 Oslo 1

Oslo, 2. nov. 87

Irlandskomiteen i Norge
Boks 60, Blindern
0313 Oslo 3

A Chairde,

Vi har mottatt kopi av deres brev til arbeidsutvalget i NKS ang. innsamlingskampanjen "Våpen til IRA". Internasjonalt Utvalgt skylder dere en vurdering av kampanjen og en kommentar til måten den er blitt kjørt på.


Etter vårt syn har kampanjen, slik den ble utformet vært svært uheldig og muligens ført til komplikasjoner i forholdet mellom AKP (m-l) og Sinn Fein. Dette beklager vi sterkt. IU reagerte negativt da kampanjen ble kjent ettersom vi anser fokuseringa på "Våpen til IRA" for ikke å være i overensstemmelse verken med interessene til solidaritetsarbeidet med Irland i Norge og Irland eller det politiske bildet i Norge.

Undertegnede kan bekrefte at det ble inngått avtale mellom NKS og Irlandskomiteen om at det skulle sendes ut en pressemelding hvor kampanjens formål ble lagt om til å gjelde innsamling til de politiske fangenes egen støtteorganisasjon. IU kan bare beklage at NKS ikke synes å ha fulgt opp avtalen, verken med hensyn til pressemeldinga eller innefor et rimelig tidspunkt. Det står ikke i stil med at Irlandskomiteen på oppfordring fra oss avsto fra å gå offentlig mot kampanjen. Vi anser dette som tillitsbrudd fra NKS sin side, noe vi håper NKS vil gjøre rede for.

Med hensyn til at det i pressemeldingen heter at omlegginga skjedde i samråd med Sinn Fein, finner vi dekning i dette, ettersom undertegnede rådførte seg med internasjonal ansvarlig for Sinn Feins Dublin-kontor etter å ha mottatt brev fra Sinn Fein hvor de gjør rede for at de går mot kampanjen i sin daværende form. Undertegnede oppfattet det ikke slik at Irlandskomiteen skulle nevnes med navn, for ikke å trekke Irlandskomiteen inn i en kampanje den i prinsippet var mot.

Internasjonalt utvalg håper at NKS snarlig vil gi Irlandskomiteen sin redegjørelse og etterkomme Irlandskomiteens oppfordringer. Det er å håpe at kampanjen ikke har skadet forholdet mellom Irlandskomiteen og AKP (m-l).

Is mise le meas


Peter M. J. O'Connell
Internasjonal sekretær

FRÅSEGN FRA SENTRALSTYRET OM "NKS" - DEBATTEN I KK

DEN EKSTERNE DEBATTEN OM NKS SKAL AVSLUTTAST. DVS. AT NKS'ARAR IKKE SKAL GÅ UT I DISKUSJON MED KVARANDRE OM DETTE. I DEN GRAD EIN SKAL SVARA PÅ ÅTAK FRÅ UTMELDE/UORGANISERTE, BLIR DET ARBEIDSUTVALET SITT ANSVAR Å SVARE/-PEIKE UT FOLK SOM SKAL SVARE.

Sentralstyret.

grunngeving

Debatten om NKS i haust sklei raskt over fra ein debatt om dei intellektuelle si rolle til å bli ein debatt som meir eller mindre har dreid seg om interne NKS forhold og NKS prioriteringar. Ikkje uventa, all den tid ei rekke folk har meldt seg ut, og meiningane óg er delte innafor studentforbundet.

Sentralstyret si bakgrunn for å avslutte den eksterne debatten om NKS - (NB: ikkje om intellektuelle si betydning eller klassemessige stilling), er at denne debatten ikkje har bidratt til å styrke NKS utad - tvert om. Folk som står på vippen til å melde seg inn, har fått ny "tvil og "motargumenter", feilaktige påstandar som er vanskelege å gå ut mot uten å offentleggjere interne planvedtak, om NKS blir trukke inn i debatten osv.

Sentralstyret ønsker med vedtaket sitt at debatten om NKS held fram internt, der ein står fritt til å dokumentere på anna vis enn i KK, (sitere strategisk plan, vedtak, taktiske grunngevingar som ikkje sumpen treng få i neven til å bruke mot oss m.m.)

Vidare er det viktig at NKS'arar kastar seg med i den debatten om klasseanalyse som truleg kjem i vår, ikkje minst med omsyn til dei intellektuelle si rolle.

skrevet på oppdrag fra AU
Gunvor H.

19³⁰ - 22¹⁵

20
1. 30
15
30
10